

ÅRSMELDING

2023



LOM FJELLSTYRE



Føreord

Årsmeldinga for 2023 er ei samanfating av den forvaltninga fjellstyret har utøvd, og eit forsøk på å beskrive den aktiviteten det har vore i fjellstyret siste året. Den er vidare ei oppsummering av den uteaktiviteten oppsynet og andre tilsette for fjellstyret har utført gjennom året, og denne delen byggjer i første rekkje på registreringar og inntrykk frå dei. Det er eit mål at årsmeldinga skal innehalde faktaopplysningar som er allment interessante og relevante, og på den måten også for seinare kunne ha ei viss historisk verdi.

Forsidebildet: Ny fjellstyrehytte i Storådalen

Innhald

Føreord	1
1. FJELLSTYRET – ADMINISTRASJONEN.....	4
Fjellstyresamansetjing og administrasjon.....	4
Arbeidsmiljø og likestilling	4
Ytre miljø	5
Møte og synfaringar.	5
Representasjon og kurs for fjellstyremedlemmene/administrasjonen.	6
2. OPPSYNSTENESTE.....	6
Oppsynsteneste, tenestosal til SNO og anna utført feltarbeid.....	6
Rekrutteringsarbeid og samarbeid med skular.	7
Barske Glæder	7
Familiefiskedag på Dalsvatnet.....	7
Veodalstur med 7. klasse.....	7
Haustingsbaserte rekrutteringsprosjekt for barn og unge	8
Fiskeprosjekt.....	8
Opplæringsjakt.....	8
Kurs og fagsamlingar for tilsette.	9
Rapportar – samarbeidet med SNO.	9
3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK.....	9
Setersaker.....	9
Tilleggsjord	10
Fellesdrifter og beitebruk.....	10
Tamreinbeite	10
4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE.....	11
Fritidshytter.....	11
Turistanlegg.....	11
Anna om arealdisponering.....	11
Vemeområda i allmenningen.....	11
5. Eigne hytter og anlegg.....	11
Fjellstyrehyttene.....	11
Joflyvegen.....	13
6. VILTSTELL OG JAKT.....	13
Småvilt.....	13
Villrein.	14

Elg- og hjort.....	15
Rådyr.....	16
7. FISKE.....	17
Fiskekortsålet.....	17
Settefisk.....	18
Anna kultiveringsarbeid.....	18
Anna om fiskestellet.....	19
8. ØKONOMI.....	19

1. FJELLSTYRET – ADMINISTRASJONEN

Fjellstyresamansetjing og administrasjon

Lom fjellstyre forvaltar bruksrettane etter fjellova i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningar i Lom kommune. Det totale arealet er på ca. 1,2 mill. dekar og utgjer ca. 62 % av heile arealet i kommunen. Fjellstyret består av 5 medlemmer valde av kommunestyret, som også oppnemner leiar og nestleiar i styret. Valperioden fylgjer kommunevalet, og det vart skifte av medlemmar i fjellstyret etter valet i 2023.

Fjellstyret har denne samansetjinga i valperioden 2019-2023:

Medlemar	Personlege varamedlemar
<i>Erik Frisvold (leiar)</i>	<i>Bjørnar Brustuen</i>
<i>Svanhild Lyngved Solheim (nestleiar)</i>	<i>Hanne S. Rusten</i>
<i>Oluf Kvålshagen</i>	<i>Kristin Lund</i>
<i>Frikk Kolden</i>	<i>Jon Sjurgard</i>
<i>Ellen Olasveen</i>	<i>Sigrun Garmo</i>

Etter valet i 2023, fekk fjellstyret denne samansetjinga:

Medlemar	Personlege varamedlemar
Frikk Kolden (leiar)	Oluf Kvålshagen
Svanhild Lyngved Solheim (nestleiar)	Ketil Gutubø
Kjell Brandsar	Hans Sole Luseter
Sigrun Garmo	Ellen Olasveen
Svein Marstein	Eva Ramen

Administrasjonen er lokalisert på Norsk Fjellsenter, og i 2023 har det vore desse tilsette:

Åsmund Galde - fast tilsett fjelloppsyn og dagleg leiar.

Eilev Hellekveen – fast tilsett fjelloppsyn. 40% des-mai, 100% juni- nov.

I tillegg er det utført om lag 2 månadsverk gjennom kortvarige engasjement:

Jo Øien – sesongoppsyn tilkalling

Odd Repp – sesongoppsyn tilkalling

Ketil Gutubø – skjøtselsarbeider engasjement

Arbeidsmiljø og likestilling

Det er utarbeidd og vedteke HMS-rutinar med instruksar for dei tilsette, samt at det er laga risikoanalyser og handlingsplanar. Personalhandbok og HMS verktøy er gjort tilgjengeleg digitalt. Dei til einkvar gjeldande instruksar er tilgjengelege på arbeidsplassen og blir gjennomgått årleg.

Det vart ikkje rapportert skader knytt til arbeidet i 2023.

Nytt fjellstyre etter valet

Fjellstyrelleiarar:
Erik Frisvold
Frikk Kolden

Fast tilsette:
Åsmund Galde
Eilev Hellekveen

Ingen personskader

Styret meiner arbeidsmiljøet i fjellstyret er bra. Personalpolitikken vert rekna for å vera kjønnsnøytral på alle område. Arbeidstid og løn er regulert gjennom sentrale og lokale avtaler. Norges fjellstyresamband forhandlar på vegne av fjellstyret i den sentrale forhandlinga med Naturviterne om løn- og arbeidsvilkår.

Ytre miljø

Verksemda fører i liten grad til forureining av det ytre miljø. Verksemda driv kjeldesortering. Spesialavfall vert teke vare på og levert på miljøstasjonen i Lom.

Møte og synfaringar.

Det vart halde 8 fjellstyremøte og behandla 48 saker i 2023, 15 fleire enn i 2022. To av desse møta vart halde digitalt. Dei fysiske fjellstyremøta har alle vore opne møte. Sakene fordelte seg slik på dei ymse saksområda (saker i 2022 i parantes):

Jakt/vilt	7 (4)	Fiske/friluftsliv	2 (2)
Motorferdsel	1 (1)	Stønadsøknader	4 (3)
Grunndisponering	3 (2)	Seter/bruksr.saker	12 (3)
Adm./interne saker	10 (6)	Fritidshytter	1 (1)
Høyringssaker	2 (5)	Referatsaker	6 (5)



Bilete 1: Felles synfaring, frå Havyrju.

Fjellstyret hadde ei felles synfaring med kommunen og Statskog den 12. juni. Desse postane stod på programmet for synfaringa:

- Søknad om utviding av tilleggsjordareal på Ytterdalen, tilhøyrande Uppistugun Synstnsnes.
- Søknader om utvising av tilleggsjord Nordseter-Havyrju. Nye føringar frå kommunen, vidare prosess.
- Fellesbeite på Langmyra – status og framtidig bruk av arealet.

8 fjellstyremøter

48 saker til behandling

Felles synfaring med kommunen og Statskog 12. juni.

Representasjon og kurs for fjellstyremedlemmene/administrasjonen.

Årsmøtet for fjellstyra i Oppland vart arrangert på Oppdal 20.-21. april. Eit fulltaleg fjellstyre deltok.

Fjellstyremedlem Oluf Kvålshagen og fjelloppsyn Åsmund Galde deltok på møte i fagleg rådgjevande utval for Breheimen, som var avhalde i Skjåk 12. september.

Administrasjonen deltok den 23. februar på eit foredrag om fjellfiske og fiskeforvaltning, arrangert av Norsk fjellsenter.

Fjelloppsyn Åsmund Galde har representert fjellstyret i Skaihø og Bøverdalen viltområde. I Bøverdalen VO har han også vore sekretær.

Svanhild Lyngved Solheim har vore fjellstyret sin representant som styremedlem i AS Vågåfisk.

2. OPPSYNSTENESTE

Oppsynsteneste, tenestosal til SNO og anna utført feltarbeid.

Refusjonsposten over statsbudsjettet i samband med oppsyn på statsallmenningene, vart auka betydeleg frå 2022 til 2023, frå 10 til 17 millionar. For vår del utgjer dette ei auke frå kr 355.529 til 627 783. Fjellstyret utførte refusjonsberrettiga arbeid for til saman kr 1 380 036. Av feltarbeid vart det samla utført 253 dagsverk, dette er medrekna feltarbeid for SNO og andre, og utgjer om lag halvparten av den totale arbeidsmengda.



Bilete 2: Bestandsregistrering jerv, for SNO

Tenestesalet til SNO var samla på 405.000, ein oppgang på 35.000 frå 2022. Dette utgjorde til saman 82 dagsverk. Oppgåvene omfattar oppsyns- og skjøtselsoppgåver i Jotunheimen- og Breheimen med tilliggjande

verneområde, bestandsregistrering av jerv og motorferdselloppsyn. Auka i tjenestekjøpet kompenserer for prisvekst i perioden. Den sentralt avtala timeprisen for tenestene var kr 717 + mva. Tenestene utført for SNO skjedde under leiing av SNO-ansvarleg i Jotunheimen, Rigmor Solem, SNO-ansvarleg i Breheimen og regionalt rovviltansvarleg Øyvind Angard. Om lag 2/3 av arbeidet for SNO skjer i tida juli-september, den tida trafikken og aktiviteten i verneområda er størst.

Fjelloppsynet har tilsyn med og tek snømålingar ved NVE sin målestasjon på Sognefjellet. Målingane blir utført månadleg frå februar, og oftare i smeltesesongen. Den årlege deltakinga i arbeidet med bremålingane

Årsmøte fjellstyrene i Oppland

**Auka refusjon for oppsyn
- kr. 627.783**

253 dagsverk i felt

**Tenestosal SNO
kr.405 000**

medfører både transport- og målearbeid. Oppsynet utfører oppsyns- og kontrolloppgåver for Meadalen grunneigarlag.

Rekrutteringsarbeid og samarbeid med skular.



Bilete 3: Barske glæder i Presthaugen

Barske Glæder

10. mars vart arrangementet «Barske Glæder» gjennomført. Opplegget vart arrangert i samarbeid med Norsk Fjellsenter og villreinsenteret på Hjerkin. Alle 5. klassingane i nordalen var inviterte. Elevane vart delt inn i grupper og var innom ulike postar der dei blant anna fekk undervisning rundt tema som enkelt friluftsliv, gamal fangstkultur, bogeskyting på rein, bålbreining m.m.

Lom Fjellstyre var, som tidlegare år, ansvarlege for posten der elevane lærte å byggje og få fyr på eit bål. På denne posten fekk elevane fyrst litt teori om korleis dei før fekk eld med boge og pinne samt flint. Deretter fekk dei innføring i to typar bål, pagode og pyramide bål.

Familiefiskedag på Dalsvatnet Fjellstyrets årlege familiefiskedag vart i år arrangert 25.juni. Grilling, kaffe og sosialt samvær er hovudessensen denne dagen, i spedd litt fising, naturstig og premiering for dei minste. Været viste seg frå si beste side og stemninga var god denne sommardagen.



Bilete 4: Trivleg ved Gapahuken på Dalsvatnet

Også i år var det om lag 60 deltakarar på arrangementet. Alle ungane gjekk naturstigen, samt dei fleste vaksne. Fine premiar frå lokalt næringsliv skapte ei god avrunding av dagen, og ingen under 18 år gjekk tomhendte heim at.



Bilete 5: Reinslakting på Grønhøa

Veodalstur med 7. klasse

Den 12. september arrangerte Lom Fjellstyre den årlege Veodalsturen med 7. klasse ved Lom barneskule.

Her er vi innom reinslaktinga på Grønhøa og settefiskanlegget i Randsverk, før turen går vidare til Veodalen.

Barske glæder 10. mars

60 deltok på familiefiskedag

Veodalstur 12. september

I Veodalen har vi base ved Grønbua. Elevane får være med å sette fisk, er med på prøvefiske og får informasjon om fjellstyreverksemda, forvaltning og bruk av statsallmenningane og verneområda. Det vart ei kald natt i Veodalen, men etter to år med dårleg vær, var det godt å få gjennomført overnatting som planlagd.



Bilete 6: Kald morgon ved Grønbua

Haustingsbaserte rekrutteringsprosjekt for barn og unge

I 2022 starta Lom fjellstyret opp to ulike rekrutteringsprosjekt for barn og unge, i samband med haustingsbaserte aktivitetar. Det eine er knytt til fiske, det andre til jakt. Prosjekta har hatt støtte frå miljødirektoratet begge åra.

Fiskeprosjekt

Fiskeprosjektet vart i år gjennomført med ein ny vri, i eit samarbeid med Lom ungdomsskule og elevane ved valfag «kulturarv»



Bilete 7: Garnfiske på Høyvatnet

Gjennom teoretisk opplæring på skulen og praktisk utøving på ein to dagars tur til Høydalen, fekk elevane ta del i både garnfiske og andre haustingsbaserte aktivitetar. Fisk, bær og andre vekstar vart nytta til mat. Vidareforedling- og bruk av ressursane var ein vesentleg del av læringsmålet. Tradisjonelle konserveringsmetodar var i fokus.

Opplæringsjakt

Opplæringsjakta vart arrangert fyrste helga i november. I forkant vart det gjennomført ein teorikveld på norsk fjellsenter. 5 ungdommar mellom 15 og 17 år, og ein vaksen fyrstegongs jeger deltok. Det var avsett fellingsløyve for elg, hjort og rådyr. Ein hjort vart felt. I etterkant var deltakarane med på slakting, nedskjering og vidareforedling av kjøtet. Fjellstyrehytta ved Bøvertjønnene var brukt som base under helga. Lom jeger og fiskarforeining stilte med instruktørar.



Bilete 8: Hjortekalv felt ved Prestsetrene

Garnfiske med Lom ungdomsskule

6 deltakere på opplæringsjakt

Kurs og fagsamlingar for tilsette.

Den årlege fagsamlinga for dei tilsette vart halde på Hell den 25-27. januar. Hovudtema var arbeidsmiljø og politifagleg arbeid. Åsmund Galde og Eilev Hellekveen deltok.

Den 23. mai vart det arrangert eit møte for oppsynet i Jotunheimen nasjonalpark på norsk fjellsenter i Lom. Tilsette frå Lom fjellstyre, Vang fjellstyre og Vågå fjellstyre deltok i saman med Rigmor Solem- og Stein Windingstad frå SNO og nasjonalparkforvaltar Kari Sveen og Eldri Nedrelo.

Rapportar – samarbeidet med SNO.

Vi samarbeider tett og godt med SNO både når det gjeld tenestekjøpsavtaler, men og i arbeidet elles. Tilsyn og skjøtsel i nasjonalparkane er utført i samråd med SNO-ansvarlege innan dei forskjellige verneområda. Tilsyn og kontroll med motorferdsel både i og utanfor verneområda og bestandsregistreringa av jerv skjedde i samråd med og under leiing av Øyvind Angard, regionansvarleg for rovdyr og motorferdsel i SNO.

Det er ført feltdagbøker og timelister over alt arbeid og registreringar ute. Rapportering til SNO og Statskog SF har skjedd slik det er pålagt.

Det vart rapportert 3 forhold til politiet. Eit forhold gjaldt båndtvang, eit gjaldt brot på vernebestemmingar og ei sak gjaldt motorferdsel.

3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK.

Setersaker

Det var gjort ny vurdering i forbindelse utløp av erklæring om avgiftsfrie feste på Andberg og Skånsar seter. Fjellstyret tilrådte at det vart gjeve tilbod om avgiftsfrie feste i 10 nye år.

Fjellstyret behandla ei generell sak om forvaltning av seter- og tilleggsjord og fatta eit prinsippvedtak knytt til dette i sak 27/2023.

I samband med oppfølging av tidlegare vedtak knytt til Leirdalen felleseter for geit i sak 33/2019, der det var gjeve tilbod om at ein eller fleire av dei tidlegare eigerane kunne få erklæring om avgiftsfritt feste, vart det gjort vedtak om at denne skulle rivast da dei tidlegare eigerane ikkje hadde respondert på framlegget til slik kontrakt. Etter klagebehandling vart det einigheit om at ein av dei tidlegare eigerane likevel skulle overta setra på erklæring om avgiftsfritt feste, i tråd med vilkåra i vedtaket som var gjort 2019.

Det vart gjort vedtak om bortfall av almenningsrett for Nørdre Slålii.

Fagsamling på Hell

Godt samarbeid med SNO

3 anmeldte forhold

Prinsippsak om forvaltning av seter- og tilleggsjord

Tilleggsjord

Krogstad fekk overta eit beiteareal på Netoseter som tidlegare har tilhøyrt Søre Hosar

Synstnes Uppistugu fekk utvide sin dyrkingsparsell på Ytterdalen med om lag 5daa.

Nordre Marstein fekk fornya beiteleigeavtale for 10 år, på seterkvea som tidlegare har tilhøyrt Garmosulen.

Det vart gjort vedtak om at Nordseter beitelag har gjeve opp og sagt frå seg fellesbeite på Langmyra.

Fellesdrifter og beitebruk

I Gjendeområdet var det, som tidlegare, Storådalen beitelag som organiserte og stod for fellesdrifta. Dei har to faste gjeterar på deltid som held jamnleg tilsyn med dyra. Det var slept 125 dyr (121 i 2022). Drifta gjekk føre seg utan uhell av noko slag.

I fellesdrifta i Veodalen var det 13 husdyreigerar som hadde 139 dyr på beite, mot 155 dyr i fjor. Det var tilsett gjetar som heldt tilsyn med dyra, heller ikkje her var det tap eller skader.

Kvar av felleddriftene fekk eit driftstilskot på kr. 25.000 frå fjellstyret.

Tamreinbeite

Lom tamreinlag brukar heile allmenningen på sørsida av Ottaelva med unntak av Visdalen s.a. som beiteområde. Laget hadde i år ein vinterflokk på 2.352 dyr (2.341 i 2022). Beiteleiga frå tamreinlaget var på kr 571 343. (494.815 i 2022)

Endringar i villreinen sin områdebruk i grenseområda mot Skjåk er ei aukande utfordring for tamreinlaget den tida dei nyttar beiteområda på Lomseggen. Fjellstyret gjorde vedtak om at ein i saman med villreinutvalet søkte om dispensasjon til å felle villrein innanfor tamreinområdet. Det vart gjeve ein eittårig dispensasjon til at jegerar med jaktkort i Skjåk kunne få felle villrein i tamreinområdet på statsallmenningen i Lom.

Det vart forhandla og gjort vedtak om ny avtale med Lom tamrein AS om ny beiteleigeavtale i perioden 2024-2033. Beiteleigeavtala vart vidareført med mindre endringar, enkelte punkt vart konkretisert og tydeleggjort.



Bilete 9: Kristian Kjæstad signerer ny beiteleigeavtale på Grønhøa

Oppgjevnad av fellesbeite på Langmyra

3 anmeldte forhold

Beiteleige Lom tamrein 571.343,-

Ny beiteleigeavtale med Lom Tamrein

4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE.

Fritidshytter.

Det var ingen saker knytt til fritidshytter.

Turistanlegg.

Det vart gjeve uttale til Statskog SF i samband med overgang frå punkt feste til arealfeste på Leirvassbu.

Anna om arealdisponering.

Det vart gjeve uttale til Statskog SF om framføring av strøm til elektriske bommar på vegen Hesthagen- Smørli.

Verneområda i allmenningen.

For verneområda ligg det føre egne årsrapportar som omhandlar gjennomførte tiltak, utviklingstrekk og besøksstatistikk m.m.

Varaordfører Marit Sletten var Lom kommune sin representant i nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark. Oppsynskorpset i nasjonalparken var det same som åra før. Av skjøtselsarbeid i verneområdet var ettersyn og vedlikehald av tidlegare utført arbeid på stigane og skjøtselsarbeidet i Gjendebu det viktigaste.

Rolv Enersvold var Lom kommune sin representant i nasjonalparkstyret for Breheimen. Lom fjellstyre har gjennom avtale med nasjonalparkstyret for Breheimen og i år utført eit vesentleg arbeid med vegetasjonsskjøtsel i Høydalen, tjenestesalg for til saman kr 79.000,-

5. Eigne hytter og anlegg

Fjellstyrehyttene.

Utleige av hyttene gjekk opp frå 334 utleigedøgn i 2022 til 340 døgn i 2023(240 døgn bestilt via inatur-260 døgn i 2022). Innanbygdsbuande utgjorde ca. 22,5% av utleigedøgna(76 døgn), ei auke på 4,5% frå året før(18%).

Det kan virke som at reisevanane fylgjer trenden frå tidlegare år, og pågangen på inatur var relativt stor i dei travlaste vekene i fellesferien. Men ein kan og tydeleg sjå at folk planlegg turane tidlegare enn før då det kjem inn jamt med hyttebestillingar når dei vert opna på nyåret. For å sikre tilgang for lokalbefolkninga var Grønbua, Langvassbua og Veslfjellbua reservert for innanbygdsbuande i ulike periodar. Utleiga i desse periodane vert administrert direkte frå fjellstyrekontoret/fjelloppsynet og må bestillast via e-post eller telefon. Leigeinntektene totalt for 2023 kom på kr 220.239, ei inntektsauke på kr 52.181 frå året før(168.058)

Fjellstyret har 7 hytter til utleige. Gjendehytta og Geitåbua er disponert av beitelaga, og er elles forbehalde innanbygdsbuande. Heranosbua er

**Marit Sletten nestleiar
Jotunheimen NP styre**


**Skjøtselsavtale i
Høydalen**

Auke i hytteutleige


**Utleigeinntekter
kr.220.239**

forbeholdt gjetar i beitesesong og lagt ut på Inatur utanom dette. Hyttene elles kan bestillast på salssidene til www.inatur.no. Det blir opna for sal av hyttene ved årsskiftet, og samtidig sperra for periodar reservert innanbygdsbuande eller fjelloppsynet. Diagram 1. syner utviklinga av utleigedøgn, diagram 2 viser forholdet mellom innanbygds- og utanbygdes utleigedøgn. Auka bruk av hyttene krev meir tilsyn, vask og enkelt vedlikehald gjennom sommarsesongen. Jamleg tilsyn og vedlikehald, husvask og forsyning med gass og ved, utgjorde ei ganske stor arbeidsmengde totalt. Supplering av ved på dei mest utilgjengelege hyttane, som steinbua ved Gjende, Storådalshytta og Gjendehytta vart som tidlegare år løyst ved å ta bjørk ved lokalitetane.

Figur 1:Utvikling i utleigedøgn



Figur 2: Fordeling mellom innanbygds og utanbygds brukerar



Den 12.april starta rivinga av den gamle Storådalshytta. Hytta vart delt opp og stroppa saman i element for transport ut med helikopter. Den nye hytta vart sett opp i laftehallen hjå stakk og stein. Der vart hytta beisa eitt strok før ho vart ned montert og klargjort for transport med bil til Leirdalen.

Helikoptertransport av den nye hytta starta den 17. april. Forholda var optimale for transport via luftvegen, og elementa av den gamle hytta vart frakta ut på retur. Oppføring av den nye hytta starta så å seie umiddelbart etter ankomst til Storådalen, og etter vel ei veke var den

Forsiktig auke i andel innanbygds som nyttar hyttene

Ny fjellstyrehytte i Storådalen

ferdig stilt. Det var gjeve 300.000 i tilskot frå grunneigarfondet til prosjektet. Totalkostnad vart 927.622, inkludert kr. 65.926 i eigeninnsats.



Bilete 10: Ny hytte i Storådalen

Joflyvegen.

Etter vårløysinga var det behov for relativt enkelt vedlikehald av veggen. Det vart løyst ved at Veodalen transport, som hadde maskinar i Veodalen, utførte oppdraget med grøfting, grusing og salting. Det vart brukt kr 8500 på dette arbeidet.

6. VILTSTELL OG JAKT

Småvilt.

Utsiktene for rypejakta dette året vart etter kvart dårlege. Våren starta bra med normale temperaturar og brukbare forhold for rypejuklingane, men observasjonar utover sommaren samt takseringsresultata tala for at vi fekk nok eit år langt under gjennomsnittet. I enkelte område var det få og små kull, andre område var nærast tomme med ein og annan enkeltfugl. Det er fleire faktorar som kan ligge til grunn for dette, både klimatiske forhold, predasjon og sjukdom.

Som i 2022 kunne det sjå ut som at smånagarbestanden tidleg på våren kunne verte brukbar. Både lemen og mus var eit sikkert innslag i vårsola, då spesielt på vestlege kantar. Men bestanden av desse såg ut til å kollapse seinare på våren og vart meir eller mindre fråverande utover sommaren. Smånagarane har ei viktig rolle i fjelløkosystemet på grunn av deira påverknad på andre artar, både på vegetasjon, rovdyr som har smånagarar som ein del av næringskjeda og andre artar, som for eksempel rypa.


**Tilskot
grunneigarfondet til
ny hytte**

**Vedlikehold
Joflyvegen**

Freding rype

Med bakgrunn i takseringsresultata og ei totalvurdering av bestandsforhalda, gjorde fjellstyret vedtak om å frede for jakt etter både li- og fjellrype.

Diagram 3: Tal observerte fugl totalt og tal kjuklingar for dei siste 20 åra. Som det går fram er totale observasjonar det lågaste dei siste 22 åra.



Det var opna for småviltjakt på andre artar, m.a. hare, andefugl og skogsfugl. Det vart løyst 36 småvilt jaktkort med ei samla Bruttoinntekt på kr.17.959 i 2023, mot kr.70.605 i 2022.

Villrein.

Fellingskvoten for Vårdalen statsallmenning var i 2023 på seks dyr. To frie dyr, to simle/bukk under 40kg og to kalvekort. Alle korta gjekk til innanbygds jegerar og det vart felt to dyr, ein bukk og ei simle(33%). Prisen på jaktkorta var uendra frå 2022. Bruttoinntekt reinsjakt for 2023 var på kr 12.500. Ei auke på kr 8150 frå 2022

I Breheimen sør-aust vart det i år opna for at jegerar med jaktkort i Skjåk fekk nytte løyvet sitt på Lom Fjellstyre sitt område nord for Høydalen. Dette etter overeinskomst mellom fjellstyret og villreinutvalet, og med dispensasjon frå Miljødirektoratet.



Bilete 11: Villrein på Storberka

På Lomssida vart det felt minimum fire storbukkar i tillegg til ein del i grenseområda. Hausten var noko spesiell med at ikring 70 bukkar held seg i Lundadalen allereie ved jaktstart. I tillegg var det ein bukkeflokk utanfor jaktbart område hjå Lom Sameige. Dette gjorde at det var relativ lite bukk tilgjengeleg på områda til Lom Fjellstyre.

Uttak av villrein i tamreinområde

Samla fellingsprosent for Reinheimen-Breheimen villreinområde var på 69 % (60 % i 2022)

I Reinheimen vart det felt 638 dyr av ei kvote på 950, ei felling på 67 % (58% i 2022), medan det i Breheimen vart felt 253 dyr av ei kvote på 350 som gjev eit resultat på 72% (64%). For Lom kommune sin del hamna fellingsprosenten på 50% (58% i 2022).

Elg- og hjort.

For dei jaktfelte i statsallmenningen som inngår i Bøverdalen viltområde, var det ein grunnkvote av elg på 11 dyr og av hjort på 12 dyr, med høve til tilleggsdyr både av elg og hjort. På Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv var det ei grunnkvote på ein elg og tre hjort. For jakta på Vårdalen/Smådalen var det ei grunnkvote på to elg og ein hjort. I statsallmenningane som ligg i Bøverdalen viltområde er det fire jaktfelt, dette inkluderer feltet ved Gjende/Jotunheimen NP. På Gjendefeltet vart det i år kun korttidsjakt. For dei tre andre jaktfelte var det andre året i to-års perioda.

Jaktfeltet Bøverdalen og jaktlaget til Jostein Solberg frå Notodden vart tildelt grunnkvote på 5 elgar og 5 hjortar. Det vart felt 5 elgar og 4 hjort.


Jaktfeltet Ytterdalen/Høydalen og jaktlaget til Asbjørn Hansen vart tildelt grunnkvote på 3 elgar og 3 hjortar. Alle dyra vart felt pluss eit tilleggsdyr hjort.

Jaktfeltet Visdalen/Leirdalen vart utlyst til innanbygds jaktlag. Jaktlaget til Øyvind Angard fekk tildelt jakta. Grunnkvoten var på 3 elgar og 3 hjortar. Heile kvoten vart felt pluss eit tilleggsdyr hjort.

Jaktfeltet Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv og jaktlaget til Daniel Skogum frå Lalm fekk tildelt grunnkvote på 1 elg og 3 hjortar. Det vart felt tre hjortar pluss to tilleggsdyr hjort.

Jaktfeltet Vårdalen/Smådalen og jaktlaget til Kjell Ove Trondplassen fekk tildelt grunnkvote to elg og ein hjort. To elgar vart felt.

Etter at jaktperioda for lagsjakta var slutt den 31. oktober og fram til stopp i jakta den 30. november, vart det ved sal av enkeltkort for jakt på hjort og elg felt ein hjort (Bøverdalen). Totalt på alle statsallmenningsfelte vart det såleis felt 13 elgar (13 i 2022) og 18 hjortar (12) under ordinær lagsjakt og korttidsjakt.



Bilete 12: Hjortebukk felt i Høydalen. Foto: Asbjørn Hansen

Det var ikkje meldt om skadeskyting denne hausten og

**Høg felling av storvilt-
13 elg og 19 hjort**

samtlege jaktlag og korttidsjegerar meldte frå til oppsynet om felling og observasjonar av ymse slag til oppsynet. Det var såleis også dette året ein god dialog mellom jaktлага og fjelloppsynet gjennom heile jaktperioda. All elg og hjort som vart felt i allmeningsfelta vart vege og kontrollert av fjellstyret.

Prisane på elg- og hjortejakta var uendra frå året før, kr. 87 pr. kg.

For å stimulere til uttak av små dyr av elg har det tidlegare vore halv pris på kalvar under 50 kg og ungdyr under 100 kg. I ei forlenging av dette vart det i same sak vedteke å utvide ordninga med halv pris for «skrapdyr» til og å gjelde for vaksen elgku under 140kg, hjortekalv under 22kg, ungdyr hind under 40kg og spissbukk under 45kg. Det var under den ordinære jakta skote tre elgkalvar under 50kg. Elles var ungdyrvektane noko tilnærma lik fjoråret (55,7 kg for elgkalv-31 kg for hjortekalv).

Fellesjaktavtala med Runninggrenda grunneigarlag vart sag opp. Avtala om leige av den private grunnen i Leirdalen held fram som før.

Samla brutto inntekt frå rådyr, elg- og hjortejakta kom på kr 248.373, ein auke på kr 4818 frå 2022(243.555)

Rådyr.

Grunnkvota på rådyr i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning var på seks dyr, same antal som i 2022. I utgangspunktet er det kvotefri jakt på rådyr både i Skaihø viltområde og i Bøverdalen v.o. der viltområda utarbeider sine egne avskyttingsplanar.

Antall søknader på bukkejakt og ordinær rådyrjakt er stabil, og etter at søknadsfristen var ute fekk fire jegerar tilbod om bukkejakt per periode i

Bøverdalen s.a. og to jegerar i Vårdalen s.a. Tre bukkar vart skote i Bøverdalen etter jaktstart den 10. august og tre dyr stod att til den ordinære jakta. Under den ordinære jakta i Bøverdalen vart det felt ei geit og ein bukk. Dermed vart fem av seks dyr felt, eit dyr meire enn året før. Det vart ikkje skote rådyr i Vårdalen s.a. men det var observert fleire dyr på jaktfeltet under bukkejakta. Det vart ikkje selt kort under den ordinære rådyrjakta på dette jaktfeltet.

Prisane for rådyrjakt i 2023 var uendra: *Bukkejakt frå den 10.08.: 5-døgns kort – kr. 1.000 pr. kort. Ordinær jakt frå den 01.10.: 3-vekers periodar – kr. 500 pr. kort.*



Bilete 13: Rådyrbukk felt i Bøvertan. Foto: Ådne Flaten

Fin jaktutøvig

Fellesjaktavtala med Runningane avslutta.

**Inntekt storviltjakt-
248.373**

5 rådyr felt

7. FISKE


Fiskekortsalet.

Fiskekortsalget via Inatur.no gjekk ned med 95 sal i 2023(1190) samanlikna med 2022(1285). 77% av salget er døgncort(916 kort)noko som kan tyde på at dei aller fleste fiskarane er på gjennomreise. Men det har og auka på med dialog til fjelloppsynet frå meir ihuga sportsfiskarar som har behov for informasjon med tanke på fiske over lengre tid og på meir utilgjengelege lokalitetar. Året 2021 er urealistisk å samanlikne seg med då salet var på 1492, noko som mest sannsynleg kom av pandemien og endra reisevanar. Det kan merkast ein liten auke i interessa for fiske med garn for utanbygds i forhold til 2022, etter at fjellstyre i sak 05/2022 vedtok å opne for at fiske med fastståande reiskap er tillate for alle busett i Norge, med unntak av åtte lokalitetar. Til saman vart det på dei fem utsalsstadene seld 119 fiskekort for omlag kr. 36.825 etter provisjon. Ei auke frå fjoråret.

Inntektene frå Jotunheimen-kortet var samla på kr. 80.315. Ein nedgang på 8410 frå året før(88.725). Lom fjellstyre har 60 % av desse inntektene, samt 5 % av brutto omsetning for å administrere ordninga.

Det samla resultatet av eigne fiskekort og inntektene frå Jotunheimen-kortet steig frå kr. 255.904 i 2022 til 262.099 i 2023. Ei auke på kr. 6195.

Figur 3: Fiskekortsalg



Tabell 1: Prisar på eigne fiskekort gjeldande frå 01.04.2021.

Korttype	Stongkort	Stong-/oterkort. Fastståande reiskap**
1-døgn	85/135*	105
3-døgn	170/240*	190
Veke	275/385*	375
Sesong	425/530*	530/700*

* Gjeld familiekort ** Gjeld berre innanbygdsbuande utanom Høyvatnet.

Svak auke i fiskekortsal

Samla inntekt fiske-
262.099

Settefisk.

Det vart totalt sett ut 2250 fisk dette året. 1500 frå Vågåfisk AS på Randsverk, og 750 fisk frå settefiskanlegget i Fortunsdalen.

Utsetting skjedde på til saman 12 lokalitetar, 9 på Sognefjellet og 3 på austsida av vasskillet. Det var ikkje vinterutsetting på noko vatn. Settefisken til Langvatnet vart som dei 12 åra føreåt, merka med klypt feittfinne. I Langvassbua er det sidan 2021 lagt att eit spørjeskjema til garnfiskarane der dei blir oppmoda til å registrere merka fisk i forhold til total fangst. Settefisken til Langvatnet vart merka frå og med 2010. Informasjonen som kjem inn frå fiskarane er verdifull for fjellstyret i forhold til bestandens størrelse, vekstrate og reproduksjon. *Det vil lagast statistikk på dette når tilstrekkeleg med data er samla.*

Oppsynet stod for utsetjinga av settefisken, med unntak av Langvatnet, der friluftlivsgruppa frå Lom vidaregåande skule også i år stod for utbering og setting. 7. klasse på Loar skule var med å sette i Veodalen.



Bilete 14 Fiskesetting i Veo:

2250 settefisk fordelt på 12 lokalitetar

Vassdrag	Lokalitet	Stamme	
		Gjende	Hafslo-Grandf.
Sjoa	Langvatnet	800*	
Bøvra	Hinnotetjønne	500	
Veo	Veo elv	200	
Fortun	Mefjellsvatnet		200
	Fantesteinsvatnet		200
	Aurpina		40
	Lækja		60
	Vakkertjønne		80
	Kinna		50
	Trivlegtjønne		70
	Emnarn		25
	Såe		25
Sum	2250	1500	750

Fisk merka med * er feittfinneklypt

Anna kultiveringsarbeid.

Det vart gjennomført prøvefiske på to lokalitetar, Juvvatnet og Rindtjønne. På Rindtjønne viste gjennomsnittleg kondisjonsfaktor 0,91

noko som er under *middels fisk*. Tiltak på denne lokaliteten kan gjennomførast på ein effektiv og ressursbesparande måte på grunn av tilgjengelegheit, og kan kombinerast med andre gjeremål i området. På Juvvatnet var gjennomsnittleg k-faktor 1,15 noko som indikerer fisk av *meget god kvalitet*. <0,90=tynn fisk - 0,95=middels fisk - 1,0=god kvalitet - 1,1=meget god kvalitet - 1,2>=svært feit fisk



Bilete 15: Prøvefiske på Rindtjønn

Anna om fiskestellet.

Båten på Høyvatnet vart bytt ut med ny båt før sesongstart og båten på Høybreavatnet vart fløtt til nedre Nufstjønn. Av båtane fjellstyret hadde til utleige, Grisletjernet, Nedre Nufstjønn, Høyvatnet og Langvatnet, var det vesentleg båtane på Langvatnet og Høyvatnet som vart nytta. Båten på nedre Nufstjønn vart godt motteke av lokale fiskarar og det vart her tatt ut ein del fisk etter at det vart opna for garnfiske, men fisken var av varierende kvalitet. Vert det fiska meir på denne lokaliteten vil kondisjonen gå opp og dermed også attraktiviteten til vatnet.

8. ØKONOMI.

Etter søknad vart det gjeve tilsegn om desse tilskota frå fjellkassa i 2023:

Søknad om stønad til bygdabok om fisk og fiske i Lom	kr. 66.000
Søknad om tilskot til drift og vedlikehald av Prestsetervegen	kr. 25.000
Driftstilskot til Storådalen beitelag	kr. 25.000
<u>Driftstilskot til Veodalen beitelag</u>	<u>kr. 25.000</u>
Sum	kr.141.000

Samla gav 2023 eit overskot på kr. 349 962. Om økonomien elles, så vert det vist til rekneskapen.

Prøvefiske på Rindtjønn og Juvvatnet

Utsifting av båt på Høyvatnet

Båt På Nufstjønn

Løyvde tilskot på til 141.000

Lom, 6. mars 2024

**Frikk Kolden
leiar**

**Svanhild Lyngved
nestleiar**

**Kjell Brandsar
styremedlem**

**Sigrun Garmo
styremedlem**

**Svein Marstein
styremedlem**

**Åsmund Galde
dagleg leiar**